

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1

Det regulerte området er på reguleringskartet vist med reguleringsgrense. Arealet innafor denne grensa er regulert til:

I Off. trafikkområde

- kjøreveg
- gang-/sykkelveg
- anna trafikkareal

II Spesialområde

- frisiktsone

III Fellesområde

- felles avkjørsle

§ 2

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Ørskog kommune.

§ 3

Gang-/sykkelvegen skal byggjast i same nivå som riksvegen. Til riksvegen er det ikkje tillate å leggje andre kryss eller avkjørsler enn dei som er vist på plankarta.

§ 4

I frisiktsone skal det vere fri sikt i ei høgd som ikkje overstig 0,5 meter over planet til dei tilstøytande vegane.